



---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Frå:**

Meline Heimdal Haugland

### Informasjon om arbeid med meirope bibliotek

**Saknr/Journalnr**

21/643/21/8261//MEHH

**Arkivkode**

FA-C61

**Dato:**

11.10.2021

---

Meirope bibliotek er ei teneste som tilbyr lånarar utvida tilgang til lokala i biblioteket utanfor ordinær opningstid, sjølv om det er ubemanna.

Kulturavdelinga har hatt ønske om å tilby innbyggjarane meirope bibliotek sidan det nye biblioteket på Bjørkheim opna i 2017. Gjennom prosjektet «Ungdommen inn på biblioteket» har frivilligsentralen skaffa midlar til å fullfinansiera eit meirope system. Noko av utstyret som trengs har me frå før av.

Det er to leverandørar av system for meirope bibliotek i Noreg, Biblioteksentralen og Bibliotek-Systemer As. Det var liten forskjell på tilboda. Me valte Bibliotek-Systemer As på grunn av at dei gav oss lågast pristilbod. Bergen kommune, blant fleire, brukar Bibliotek-Systemer As som leverandør.

Arbeidet er i gong, og me håpar å kunne opna meirope bibliotek før jul. Kamera, datautstyr, låsesystem for hovuddøra, høgtalarar og utlånsautomat er på plass. Det me arbeider med no er personvernkonsekvensvurdering (DPIA – Data Protection Impact Assessment) og personvernerklæring for bruk av meirope bibliotek.

**Praktiske opplysningar:**

- Alle som ønskjer å bruka meirope bibliotek må ha eige nøkkeltast.
- Alle som ønskjer å bruka meirope må signera ein brukaravtale.
- Kamera for meirope vil ikkje ta opp lyd.
- Det er vanleg at ein ikkje gjer videoopptak i bemanna opningstid.
- Videoopptak vert automatisk sletta etter sju dagar.
- Aldersgrense 15 år.

Me vil gje meir informasjon om status til neste kommunestyremøte.

**Kjelder:**

Dokumentasjon og brukarretteleiar frå leverandør

[www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no) (Vurdering av personvernkonsekvensar – DPIA)

[www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no) (Hva er nytt med personvernforordningen?)

[www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) (Lov om behandling av personopplysningar)

[www.bibsys.no](http://www.bibsys.no) (FRI meråpent bibliotek)

